

# Planprogram til arealdelen Øystre Slidre kommune 2023-2035



## Innhald

Innleiing .....	2
Formålet med planarbeidet .....	2
Lovgrunnlag - rammer for planarbeidet.....	3
Planstrategi 2020-2023 og KPS 2020-2034. ....	3
Overordna føringar for planarbeidet .....	5
Nasjonale føringar, forventingar og retningslinjer.....	5
Regionale føringar .....	5
Planprosess.....	5
Medverknad .....	6
Fristar og høyringsrundar .....	6
Innspel .....	6
Framdriftsplan .....	7
Planen si avgrensing og tema for revidering .....	8
Fortetting med kvalitet.....	12
Konsekvensutgreiing .....	12
Risiko og sårbarheits-analyse .....	14

## Innleiing

Føremålet med planprogrammet er å legge til rette for ein best mogleg planprosess ved å syne hovudtema som skal handsamast, medverknadsprosessen, utgreiingsbehov og framdriftsplan. Kommuneplanen sin arealdel (KPA) vil følgje opp arealstrategien i kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) og tydeleggjera hovudlinjene arealdisponeringa dei komande 12 åra.

Planprogrammet skal omfatta følgande punkter:

- Formålet med planarbeidet
- Planprosessen med fristar og deltakarar
- Opplegg for medverknad
- Behov for utgreiingar

### Formålet med planarbeidet

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Arealdelen er kommunen sitt viktigaste styringsverktøy for bruk av kommunen sine areal. Arealdelen syner også samanhengen mellom arealdisponeringa og mål og strategiar gitt i KPS. Plan- og bygningsloven (tbl) sin §11-1 krev at kommunen har ein samla kommuneplan som består av ein samfunnsdel med mål og retningslinjer i eit langsiktig perspektiv og ein arealdel som syne kart og innehald føresegner og retningslinjer for bruk av areala.

Arealdelen er eit formelt og juridisk bindande dokument. God dialog med innbyggjarar, grunneigarar, næringsdrivande, deltidsinnbyggjarar og andre aktørar er avgjerande for å få til ein god prosess omkring eit så omfattande planarbeid.

Kommuneplanen blir revidert med jamne mellomrom for å halde planen oppdatert etter nye nasjonale og regionale retningslinjer eller nye politiske ynskjer for arealbruk, utvikling av næring m.m. Kommunen vil i samband med denne revideringa slå saman kommunedelplanane med kommuneplanen. Å navigere i kart og føresegner vil bli meir publikumsvennlig og arbeidet med å navigere og rettleie andre vil bli lettare for administrasjonen og forvaltninga. Revideringa opnar også opp for å klargjere hovedretningslinjene og få KPA til å samsvare med KPS sine mål satt for langsiktig utvikling. Me ynskjer at KPA blir knytt opp mot KPS slik at arealforvaltning i kommunen skjer i tråd med mål og føringer gitt i samfunnsdelen.

## Kommuneplanen sin arealdel – kjekt å vita

- Overordna plan for arealbruk dei neste 12 åra
- Gir grunnlag for reguleringsplan – arealdelen gir ikkje ekspropriasjonsgrunnlag, men det kan reguleringsplanen gi.
- Er basert på innspel frå grunneigarar, interessentar, innbyggjarar eller eigne forslag frå kommuneadministrasjonen eller politikarane.
- Forslag til arealbruk skal utgreiast og vurderast.
- Planen gir rett, men ikkje ein plikt til arealbruk.
- Gir ikkje rett til økonomisk kompensasjon før eit område har vedtatt detaljreguleringsplan.
- Kvar enkelt grunneigar eller part blir ikkje automatisk kontakta på dette plannivåret. Det skjer fyrst ved detaljreguleringsplan.
- Planprogrammet er «ein plan for planen» for å gi føreseielegheit for planarbeidet.
- Planprogrammet og planforslaget skal på høyring. Alle innspel og alle merknader skal summerast opp, kommenterast og vurderast.

## Lovgrunnlag - rammer for planarbeidet

Pbl § 11-5 krev at kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. KPS gir premisser for ei ynskja utvikling og legg difor sterke føringer for arealdelen. PBL. § 4-2 krev at planen skal ha ei planskildring med formål, hovudinnhald med konsekvensar og endringar arealbruken får for omkringliggende område og kommunen som heilskap. Det blir difor stil krav til at det blir gjort **konsekvensutgreiingar der det blir gjort endringar i arealbruken**. PBL. § 11-5 krev at arealdelen skal bestå av plankart, føresegn og retningslinjer til kartet og ei planskildring for korleis nasjonale mål og retningslinjer blir ivaretatt i planen. Vidare skal overordna statlege og regionale planar bli innarbeid, og kommunen skal ta omsyn til kommuneplanane til nabokommunane.

## Planstrategi 2020-2023 og KPS 2020-2034.

### Planstrategi – Øystre Slidre

Kommunestyret vedtok planstrategien i mars 2020. I den står det at kommuneplanen sin arealdel skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen skal vise hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som skal settas i verk, og kva omsyn som må takast vare på ved disponeringa av arealet. Arbeidet med arealdelen av kommuneplanen vil bli leia av formannskapet, slik dette er regulert i lovverket. Arealdelen skal omfatte plankart, føresegn og planskildring der det går fram korleis nasjonale mål, retningslinjer og overordna planar for arealbruk er ivaretatt. Arealdelen blir aktivt nytta ved vurdering av byggjesknader, dispensasjonssøknadar og framlegg til reguleringsplanar.

Vidare står det at ein ynskjer å få tydlegare fram hovudlinjene i arealdelen og følgje opp revidert samfunnsdel. Det er også tenkt at ein gjennom føresegner i arealdelen skal gjera det lettare å nytte hytter til bustad, der det ligg til rette for det. Kommunen ynskjer og meir fokus på miljø og infrastruktur i arealdelen. Ved revidering av arealplanen bør to forhold viast spesiell merksemd, nemleg dei nye omgropa arealnøytralitet og fjellgrense. Begge omgrep er særskilt viktige for å sikre ei berekraftig utvikling av lokalt reiseliv.

## Arealstrategi for Øystre Slidre

Arealstrategien er bindeleddet mellom KPS og KPA. Arealstrategien skal vise hovudprinsipp for kommunen sin langsiktige arealbruk og gje føringar for KPA. Kommuneplanen sin arealdelen er juridisk bindande gjennom plankart og føresegner. Me ynskjer å tilby plass og trivsel til innbyggjarar, deltidsinnbyggjarar og næringsliv. Samtidig skal me ha ein arealpolitikk som tek vare på biologisk mangfald og dyrka mark. Me skal ha ein arealbruk som fremmer lønsam og berekraftig utvikling av næringslivet, fortetting, tettstadutvikling og gjer det lettare å leve miljøvennleg.

### **Arealstrategien i KPS er:**

- Me skal utvikle Heggenes som eit tydlegare kommunesenter, ved m.a. å leggje til rette for nye tilbod og fylle tomme og ledige bygg med aktivitet.
- Me skal vidareutvikle Beitostølen med sine urbane kvalitetar og senter for deltidsinnbyggjarar, tilreisande og fastbuande.
- Me skal til ein kvar tid ha ferdigregulerte bustad- og næringsområder, slik at det er enkelt for nye innbyggjarar og næringsdrivande å etablere.
- Me skal sikre nær-rekreasjonsområde til bustadfelta.
- Me skal revidere føresegna i arealdelen med omsyn til ei grøn omstilling av utbyggingsprosjekt.
- Me skal i føresegnene til arealdelen leggje til for heilårsbusetting i eigna område fritidsbustad.
- Me skal sikre biologisk mangfald og ta vare på naturen som grunnlag for oppleveling og aktivitet.
- Me skal utarbeide ein kulturminneplan, stig- og løypeplan og beitebruksplan som eit underlag for revidering av arealdelen.
- Me skal styrke tilrettelegging i utmarka gjennom omsynssoner, som eit tiltak for å redusere sambrukskonfliktar mellom reiselivet og landbruket.
- Me skal sikre Bygdinvegen som ei effektiv og trygg hovudfartsåre for gåande, syklande og køyrande.
- Me skal behalde ei tydeleg utbyggingsgrense (tidlegare kalla fjellgrense), der me ikkje skal leggje ut nye utbyggingsområde utanfor denne grensa.
- Me skal utarbeide ein fortettingsstrategi for hytteområda.
- Me skal vidareføre infrastrukturkrav i eksisterande arealdel.

## Overordna føringar for planarbeidet

Det er mange føringar og retningslinjer kommunen skal halde greie på og som er viktig for arbeidet med KPA.

### Nasjonale føringar, forventingar og retningslinjer

Det vart i Kongeleg resolusjon av 14. mai 2019 vedteken eit nytt dokument som klargjer dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging 2019-2023. Nasjonale forventingar er forankra i plan- og bygningsloven § 6-1. Forventingane skal leggjast til grunn for kommunestyret sitt arbeid med kommunale planstrategiar og planar. Dei nasjonale forventingane er retningsgjevande, men ikkje bestemmande. Regjeringa legg vekt på at me står ovanfor fire større utfordringar:

1. å skape eit berekraftig velferdssamfunn
2. å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
3. å skape eit sosialt berekraftig samfunn
4. å skape eit trygt samfunn for alle

Dette gjeld alle kommunar, uavhengig av storleik, geografi og kompetanse.

FN sine berekraft mål ligg i botn og skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i utfordringane.

Dei 17 berekraftmåla er difor ein viktig del av grunnlaget i planlegginga i Øystre Slidre kommune.

Måla legg vekt på å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.

### Regionale føringar

Statsforvaltaren kom med innspel til samfunnsdelen i 2020, dette er nok punkt som kan vera førande for arbeidet med arealdelen også. Heile innspelet frå Statsforvaltaren kan lesast [her](#).

### Fylkeskommunen

Det er ikkje så mange planar som er utarbeid etter at Hedmark og Oppland blei **Innlandet**. Planar som har blitt vidareført og kan vera relevante for planarbeidet er lista opp i [Innlandsstrategien](#). I tillegg seier Innlandsstrategien noko om kva nye planar som skal erstatte dei gamle planane.

Fylkeskommunen kom med innspel til samfunnsdelen i januar 2021: «*Kommuneplanens arealdel og gjeldende kommunedelplaner skal nå revideres og samles i en samlet plan for hele kommunen. Det er bra ettersom dette vil gjøre det enklere å foreta helhetlige vurderinger knyttet til utviklingen i kommunen*».

### Planprosess

Kommunestyret er planmyndighet og har det politiske ansvaret for den overordna planlegging i kommunen. Å revidere KPA er ein omfattande og krevjande prosess som ofte tek lang tid. Planarbeidet set viktige rammer for utviklinga av kommunen, og kommunestyret vil vera aktive i planprosessen. Det vil også bli gjennomført synfaring ved oppstart av arbeidet, og eventuelt også seinare i planprosessen. Vidare vil kommunestyret ha eigne møtedagar om planarbeidet. Arbeidet med ny KPA er det kommunestyret som «eig». Formannskapet vil leggje planprogram ut på høyring. Fleire i administrasjonen vil ta del i arbeidet med underlag for og utkast til KPA.

## **Medverknad**

KPA er underlagt medverknadskrava i plan- og bygningsloven §5-1. Opne planprosessar med gode medverknadsmoglegheiter er viktig og ynskjeleg av mange grunnar. Både forståing og eigarskap for planar i kommunen er sentralt. Realisering av planar er enklare dersom flest mogleg forstår kvifor planane er viktige. Arealdelen får innverknad for mange, både einskilde personar, næringsverksemder, lag og organisasjonar. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, medrekna barn og unge. Det er viktig at flest mogleg engasjerer seg og medverkar til arealdelen, som er eit av dei viktigaste dokumenta for arealressursbruk for kommunen.

Høyring av planprogrammet vil gje høve til å påverka kva spørsmål som skal utgreiaast, og kva tema som er viktig for vidare arbeid. Kommunen vurderer at det ikkje er naudsynt å halde eit opent møte om planprogrammet. Etter 1.utkast til revidert arealdel er lagt ut på høyring vil kommunen ha opne møter med næringslivet, innbyggjarar og hyttevallaga og andre interessentar. Ynskjer ein møte før den tid, er det mogleg å invitere kommunen til å orientere om arbeidet.

### **Tiltak for medverknad:**

- Aktiv bruk av kommunen si heimeside.
- Direkte kontakt med næringslivet.
- Ope kontor – fast annakvar tysdag og ein fredag i månaden.
- Eigne møter med lag, organisasjonar og velforeiningar som ynskjer det.
- Møte med eldrerådet
- Møte med ungdomsrådet
- Møte med råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Opne møte i høyringsfasen

### **Fristar og høyringsrundar**

Det vil fyrst bli ein høyringsrunde av planprogrammet, samtidig som me opnar for innspel til arealdele. I høyringsperioden kan myndigheter, organisasjonar og privatpersonar kome med uttale. Det vil bli laga eit skjema som me ber alle om å nytte for sine innspel.

Etter fristen for innspel vil administrasjonen utarbeide eit forslag til ny arealdel. Når det er klart, vil kommunestyret vedta å legge 1.utkast på høyring. Myndigheter, innbyggjarar, deltidsinnbyggjarar, næringsliv og andre vil då ha eit konkret dokument å sjå til og kan kome med innspel til det som er blitt lagt ut. Kjem det inn merknader som gir grunnlag for justeringar eller endringar, kan det vere at planen på ny blir sendt på høyring, før slutthandsaming.

Informasjon om høyringsfristar o.l. vil bli annonseret på kommunen si nettside og i Avisa Valdres.

### **Innspel**

Kommunen vil leggje stor vekt på at innspela skal vera i samsvar med den vedtekne arealstrategien, før dei eventuelt blir med vidare i utgreiing og forslag til ny arealdel.

### **Krav til forslag om arealbruksendringar**

Med arealbruksendringar meiner me forslag til anna arealbruk enn den som er fastsatt i gjeldande KPA. Alle forslag til arealbruksendring/utbygging skal innehalde følgjande:



- Skildring av tiltaket med grunngjeving
- Kartfesting (t.d. omriss av området, merking på kart) og gards- og bruksnummer.
- Konsekvensar av arealbruksendringa og korleis det samsvarar med kommunen sin arealstrategi.

Innspel skal sendast skriftleg til kommunen, enten på e-post [post@oystre-slidre.kommune.no](mailto:post@oystre-slidre.kommune.no), eller Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes. Innspelsfristen er 1.februar 2022. Skjema for arealbruksendringar finn ein på kommunen si nettside.

Vel forlagsstillar å føreslå nye områder, som ikkje ligg inne i eksisterande KPA vil kommunen krevje at forlagsstiller utarbeide KU før kommunen vel å ta stilling til om ein skal ha med forslaget vidare.

## Framdriftsplan

Framdriftsplan syner ynskja framdrift i planarbeidet. Det er ikkje teke omsyn til at eventuelle motsegn frå offentlege myndigheter vil forskyva framdrifta. Planprogrammet ligg på høyring til 05.01.22 og vil bli endeleg vedtatt i politisk møte i februar.



## Planen si avgrensing og tema for revidering

KPA fastsetter bruksformålet for heile kommunen sitt areal, fram til 2035. Dagens gjeldane arealplan er framleis ein ganske fersk plan, då den blei endeleg vedtatt i januar 2017. Kommunedelplanen for Beitostølsområdet vart vedteken i 2011 og er 10 år gamal, medan kommunedelplanen for Gravfjellsområdet vart vedteken i 2013 og er 8 år gamal.

Kommuneplanen sin samfunnssdel blei vedtatt i februar 2021 og syner visjon, verdiar og satsingsområder og overordna strategiar for utvikling i Øystre Slidre kommune. Det heiter m.a. at

Kommunestyret ynskjer at følgjande verdiar skal vera grunnlaget for kommunen som verksemd, der me skal:

- Oppnå gode resultat gjennom samarbeid
- Vere opne og lyttande
- Vera inkluderande og ynskjer alle velkomne til kommunen.
- Heie på kvarandre og la alle få rom til å blomstre
- Behandle alle likeverdig, men og våge å ta upopulære val.

I arbeidet med å nå visjonen om at fleire skal oppleve rein naturglede vil kommunestyret legge følgjande konkrete mål til grunn:

1. Innbyggjartalet skal haldast på dagens nivå og minst auke med 1% i året, i gjennomsnitt.
2. Tal deltidsinnbyggjarar skal auke med minst 1% i året.
3. Tal gjestedøgn skal doblast innan 2035.

I KPS blei det vedtatt fire satsingsområder:

- Gode lokalsamfunn
- Deltidsinnbyggaren
- Klima og miljø
- Næringsutvikling og innovasjon

KPA er ei oppfølging av KPS og kompletterer denne med ein fysisk plan og juridiske føresegner for arealbruken. Mykje av kunnskapsgrunnlaget og innspeil frå KPS vil dermed vera av stor relevans for arbeidet i kommuneplanen sin arealdel. Denne revideringa har særleg fokus på å klargjere hovudlinjene i arealplanen, slik at me styrkar satsingsområda satt i KPS.

## FRITIDSBUSTADER

Kommunen sin gjeldane arealdelen er berre fire år gamal, medan kommunedelplanen (KDP) for Beitostølen er ti år og KDP for Gravfjell-området er åtte år. Det er fleire utbyggingsområde for fritidsbustader som ikkje er utbygd eller ferdig detaljregulert i planperioden. Det vil sei at det er mykje areal som er satt av til fritidsbustader, men som framleis ikkje er nytta. Det er pr. september 2021 392 regulerte hyttetomter som ikkje er utbygd, medan det i gjeldande KPA/KPD er sett av område til fritidsføremål som etter regulering kan gje utbygging av meir enn 250 fritidsbustader/leilegheiter. Med dagens utbyggingshastighet vil det truleg vere mogleg å drive med utbygging i mange år før det vert mangel på tomte/tomteareal. Utlegging av nye område for fritidsbustader må difor vera knytt til område som allereie er sett av til utbygging i eksisterande KPA/KDP, ligge i direkte nærleik til slike område eller til planlagd VA-utbygging. Kommunen vil vurdere å ta ut område som over lang tid har vore

sett av til utbygging av fritidsbustader, men som ikkje har blitt realisert. Dette vil særleg vera aktuelt for avsette område som ikkje er knytt til større utbyggingsområde, då kommunen ikkje ynsker nye «satellittar» for fritidsbustader.

I KPA vil me vurdere potensialet for betre utnytting av avsette, men ikkje utbygde areal for fritidsbustader og potensialet for fortetting i allereie utbygde område. Det er tidlegare blitt utarbeidd eit nötat for estimert fortetting i ulike områder i Øystre Slidre. Arbeidet med KPA må sjå på tiltak for å få til dette. Ein strategi er å auke utnytting av tomtene, ein annan er mindre tomter, slik at ein i realiteten bygg tettare. Kommunen ynskjer å regulere minimumsutnytting i større grad i denne samanhengen.

Eldre reguleringsplanar skal bli gjennomgått (eldre enn 10 år) og det skal vurderast om desse i tilstrekkeleg grad er oppdaterte med tanke på samfunnsutvikling og planverk. Dette kan resultere i at nokre planar vil bli foreslått oppheva, medan andre vil krevje ei oppdatering.

Me vil gjennom prosjektet Klima+, der målet er å etablere fritidsbustader som i utbygging og drift har positiv klimaverknad, utvikle verkemiddel som bidreg til å nå målet i prosjektet. Me vil i KPA utarbeide retningslinjer og føresegner som bidreg til klimavenleg og berekraftig utbygging og drift av fritidsbustader.

Rammene for utbyggingsavtalar vil bli fastsett i KPA. Dette for å vidare kunne bruke dei i reguleringsplanar.

Eit anna mål kommunen har, er at fleire deltidsinnbyggjarar skal bli heiltidsinnbyggjarar. Kva kan gjerast innanfor eksisterande regelverk, slik at ein kan nytte hytter til bustad? Kan kommunen gjere vedtak om bruksendring og korleis skal kommunen fylge opp dette slik at det både er praktisk og lovleg.

## **SENTRUM- OG TETTSTADUTVIKLING**

Kommunen skal i arbeidet med KPA definere tettstadsgrense for Heggenes og sentrumsgrense for Beitostølen. Dette for å lettare utvikle Heggenes som kommunesenter og Beitostølen sine urbane kvalitetar. Ei moglegheitsstudie på Beitostølen vil m.a. vera eit underlag for å kunne sette ei sentrumsgrense. For Heggenes vil dei ulike funksjonane plassert på Tingvang og Heggenes, med gangveg og avstand mellom vera med å definere kva tettstadsgrense me skal ha. Her vil moglegheitsstudie for Heggenes/Tingvang, ferdigstilt våren 2020 vere eit av fleire underlag. Det er viktig å tenke kompakt utvikling er viktig for å nå nullutsleppsmålet. I arbeidet med arealdelen skal me sjå på lokalisering av barnehagetomt på Heggenes/Tingvang.

Me ynskjer at Beitostølen skal bli det fremste helsekapande reisemålet for alle. For å lukkast med det må me leggje til rette betre og setje krav om universell utforming av nye tiltak. Me ynskjer å fastlegge retningslinjer og føresegner i KPA for uteareal i sentrum m.m. i forhold til universell utforming.

Det er også ynskjeleg med eigne føresegner knytt til renovasjon og parkering, særleg i sentrum. Renovasjon bør bli enklare og meir estetisk finare i sentrumsbilete. Ein del av transporten i sentrum må skje på ein anna måte enn med bil og difor ynskjer me å vurdere parkeringskravet i sentrum i kombinasjon med tilrettelegging for gåande og syklande. Kommunen må også sikre tilgang på felles friområde i sentrum av Beitostølen og ser Bergojordet (vinterstid) og området ved Liastølen som naturlege område for utvikling av allment tilgjengelege sentrumsområde for ulike typar aktivitet, park m.m.

## BUSTADBYGGING

God bustadforsyning vil vere eit godt bidrag for å nå målet om fleire innbyggjarar. Me har kartlagt kor mange bustadtomter som er satt av til det formålet i eksisterande KPA og KDP, men enno ikkje bygd ut. Me har i underkant av 290 tomter avsett til bustadbygging der 88 er kommunale. I tillegg er det avsett område til rundt 170/300 leilegheiter. Med dagens utbyggingstakt vil det vere tomter tilgjengelig neste 15-30 åra. Tilgangen på kommunale tomter er god sør og midt i kommunen, medan reserven av kommunale tomter i Beitostølsområdet er dårlegare.

*Planlegging for spredt bustad-, fritids- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, frilufts- og reindriftsområder* er ein rettleiar som kom våren 2020. Ved å bruke denne rettleiar kan me gjennom *LNFR spredt bebyggelse* og føresegner i KPA prioritera kor det er ynskeleg å leggje til rette for spreidde bustadbygging utover det som er knytt til landbruk. Det er eit mål at moglegitetene for spreidd bustadbygging og etablering av små bustadfelt rundt om i kommunen blir oppretthalde på nivå med dagens kommuneplan og kommunedelplanar.

Kommune er også i gang med eit prosjekt som er kalla bustad for velferd, der me m.a. skal vurdere behovet for bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Dette arbeidet vil også vere eit underlag for revidering av KPA.

## NÆRINGSAREAL

Ei kartlegging gjort i samband med planprogrammet syner at kommunen berre har 5 daa ledig næringsareal i Beitostølsområdet og totalt berre 19 daa tilgjengeleg næringsareal i kommunen. Tilgang på næringsareal er viktig for utvikling av sysselsetting og busetting i kommunen.

Det er ynskeleg at planlegging av nytt næringsareal i stor grad fylgje ABC-prinsippet, tilpassa forholda i Øystre Slidre. ABC-planlegging er eit prinsipp for fysisk planlegging.

### Målsetninga er å:

- Sikre best mogleg gjensidig tilgjengelekeit mellom næringsverksemder, handel og tenester, og kundar, brukarar og arbeidstakarar.
- Sikre eit god tettstadsmiljø, t.d. ved å unngå støy, luftforureining og sikkerheit.
- At lokalisering av næringsverksemder skal gi mindre bilbruk.

**A-område** er område som er godt tilgjengelege med kollektiv, sykkel og til fots for mange/snittbefolkinga på tettstaden. Verksemder som bør lokalisera i A-området er kontor, som har mange tilsette og/eller besøkande, samt besøksintensive verksemder og tenester som detaljhandel og daglegvare. Dette vil gjelde Beitostølen og til dels Heggenes/Tingvang-området.

**B-område** er områder som har eit større plassbehov enn dei arbeidsplass- og besøksintensive verksemdene i A-områda. Næringane er ikkje ynskeleg i sentrum då dei et mykje areal som potensielt kunne vere nytt til verksemder med høgare utnytting. Typiske næringar i B-område er logistikk og plasskrevjande varehandel. Høg tilgjengelekeit til kundar og besøkande over køyrevegnettet er viktig.

**C-område** er for verksemder som kan vera forureinande (t.d. støy og støy) og bør difor ligge skjerma frå tettstadene, men skal ligge nær hovudveg. Verksemdene vil ofte vera arealkrevjande.

Næringsarealet som er ledig på Beitostølsområdet er ikkje aktuelt som B- og C-område, men det er i hovudsak det næringslivet etterspør. Næringslivet etterspør m.a. i stor grad større område der ein kan ha lagerplass og drive med meir støyande og sjenerande aktivitet, som ikkje passer seg i sentrum.

I kommunen er det m.a. behov for areal til snø-deponi, brannstasjon og mellomlagring av masser som ikkje kan ligg i sentrumskjernen. Me treng også C-område midt og sør i bygda.

Me vil også vurdere behovet for lokalisering av framtidig næringsareal i planperioden. Me vil m.a. vurdere utviding av avsett næringsområde på Beitostølen, ved Mørken og ved Raudbrøtmoen.

## **INFRASTRUKTUR**

### Vatn og avlaup

Eksisterande KPA syner infrastruktursoner med krav om tilkopling til felles avløps- og vassforsyningсанlegg. Sonene er delt inn i tre kategoriar I-410-M og VAF, I-410-VA og I-410-G (Område for private avløpsanlegg). Handlingsplanprogram for VVA blei vedteke av kommunestyret den 29.04.2021. Det er gjort vurderingar av områda som har krav til tilkopling til felles VA-nett. Det blei vedteke at nokre av sonene skulle endrast til FS-soner (I-410-G), noko som bør samsvare i den nye arealdelen.

### Veg

Kommunen vil halde fast på at ein ynskjer å få regulert og bygd ut gang- og sykkelveg langs fylkesveg 51, frå Kollstadbygda til Garli. Strekninga Garli – Myhre gard og Rogne – Kollstadbygda er bygd ut, medan strekninga Moane – Rogne er regulert. I arealdelen vil me bandlegge område, der det ikkje er utbygd eller har reguleringsplan.

### Kulturminne

Kulturminne og –miljø omtala i kulturminneplanen skal få utarbeid hensynssoner i KPA, med tilhøyrande retningslinjer/føresegner.

## **NATUR, KLIMA OG MILJØ**

Kommunen har ei utbyggingsgrense mot fjellet, som går gjennom heile kommunen. I 2012 tok kommunen utgangspunkt i verneskoggrense vedtatt av fylkeslandbruksstyret (frå 1994). Ved revidering av KPA i 2016 blei grensa flytt innover slik at den var meir tilpassa landskapet og etablerte hytte- og stølsområder. Me vil at utbyggingsgrensa skal ligge fast, men ligg det faglege gode grunngjevingar på justeringar av utbyggingsgrensa vil kommunen vurdere dette, ved revisjon av KPA.

I 2021 stramma Stortinget inn det nasjonale jordvernållet. Maksimalt 3000 dekar dyrka mark skal omdisponerast årleg, frå 4000 tidlegare. Denne innstramminga betyr at alle kommunar må legge seg på ei strengare linje enn tidlegare. Øystre Slidre har i ein periode frå 2005 vore over fylkessnittet når det gjeld nedbyggingsprosent.

Reduksjon av utslepp av klimagassar og klimatilpassing vil vera viktige omsyn ved revidering av KPA. Dette vil vera viktige omsyn å vurdere ved alle moglege arealbruksendringar og nye føresegnar og retningslinjer i KPA. Me ynskjer at KPA i større grad skal bidra for ei utvikling som reduserer klimautslepp og til større grad av klimatilpassing i kommunen.

Me vil klargjere kva me meiner med omsynssoner i samband med beitebruksplan og stig- og løypeplan. Kommunen har eigne føresegnar for stølsområda som det er ynskje om å vidareføre.

Me vil vurdere eigne føresegnar for utbygging av myr, som skal basere seg på eksisterande kartlegging av myr. Også naturtypekartlegging som vert gjennomført av Statsforvaltaren vil vera eit underlag for KPA.

Kommunen blei i 2019 nasjonalparkkommune. Me skal gjennomgå kriteria for dette kvart 4 år. Eit

kriterium er at «*I kommuneplanens arealdel skal det tas hensyn til verneområdene og verneverdiene i områdene. Det må komme fram hvordan kommunen gjør dette ved bruk av arealformål og eventuelle hensynssoner*». Etter arealdelen er endelig vedtatt, må me gje opp ny status rundt kriteria og sende desse over til Miljødirektoratet.

### Fortetting med kvalitet

Fortetting inneber både utbygging av fleire bueiningar innanfor allereie utbygde område og tett utnytting av nye utbyggingsområde. Me vil i KPA utarbeide ein fortettingsstrategi for eksisterande og nye område for fritidsbustader. Fokuset skal vera fortetting med kvalitet. Fortetting skal i utbygde område gi kvalitet både for dei nye og eksisterande fritidsbustader. I eldre hyttefelt er kanskje ikkje alltid flaum, overvatn og infiltrasjon vurdert på same måte som det blir gjort i dag. Dette kan gjere fortetting meir komplisert.

<u>Fordeler med fortetting kan:</u>	<u>..men fortetting kan også:</u>
<ul style="list-style-type: none"><li>- gi relativt mindre transport</li><li>- bety forholdsvis mindre energi til bygningsoppvarming</li><li>- skåne landbruksområder, samanhengande friluftsområder og biologisk mangfald</li><li>- gi urbane kvaliteter</li><li>- forenkle infrastrukturelle utfordringar (V/A, off. kommunikasjon og tekniske funksjonar)</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- føre til at grønne lunger bygges ned</li><li>- gi ueheldige trafikkbelastningar</li><li>- forstyrre eller øydeleggje tettstaden/området sine særpreg, kulturhistoriske elementer og landskapstrekk.</li><li>- kan føre til redusert kvalitet</li></ul>

### Mål for fortetting i eksisterande hytteområder:

- Bidra til å heve teknisk standard i eksisterande område.
- Ikkje isolere/bygge ned viktige stigar, løyper og tråkk. Sikre tilstrekkeleg avstand mellom hytene og til viktige stigar, tråkk, badeplassar/andre fellesareal.
- Ivareta områda sitt opphavelege preg og kvalitetar.
- Planlegge hytteplassering, vegar, leidningsnett og brukssoner så detaljert at dei samla verknadane for naturinteressene kan vurderast.

### Konsekvensutgreiing

Alle kommuneplanar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal i tråd med plan- og bygningsloven §4-2 ha ei særskilt vurdering av planen sin verknad på miljø og samfunn – «konsekvensutgreiing». Konsekvensutgreiinga skal omfatte dei delane av planen som fastsette rammer for framtidig utbygging eller endra arealbruk, og blir difor ein del av grunnlaget og planskildringa.

Både verknaden av kvart innspelsområde, endringar i forhold til gjeldande plan og verknaden av dei samlande arealbruksendringane, skal undersøkast og dokumenterast. Konsekvensutgreiing av ny arealbruk vil i hovudsak bygge på eksisterande kunnskap om miljø og samfunnsforhold, men kan bli supplert med utgreiingar ved behov.

Omfanget av konsekvensutgreiingane vil avhenge av kvart enkelt innspelsområde, områdets størrelse, konfliktnivå og omfanget av eventuelle verknadar. Nedanfor er det laga ei liste over relevante tema. Alle innspel/endringar skal sjekkast ut i forhold til denne lista.

Tema og utgreiingar som skal belysast i konsekvensutgreiinga:

Alle arealbruksendringar skal kontrollerast opp mot kvart punkt i denne lista.

- Forureining og støy
- Naturmangfold, klimaendringar og landskapsestetikk
- Landbruksinteresser
- Kulturminner og kulturmiljø
- Friluftsliv
- Transportbehov og energibruk
- Folkehelse
- Barn og unge sine oppvekstsvilkår
- Universell utforming.

Kommunen vel å dele opp vurderinga i to nivå. Det blir først gjort ein overordna vurdering av alle føreslårte nye utbyggingsområde, opp mot kommunen sin samfunnsdel og arealstrategi. Etter denne silinga av innspel må forslagsstiller gjennomføre ei KU som tilfredsstiller krava i forskrift om KU for nye område som kan vera aktuelt å ta inn. KU skal vere så godt utarbeid at den skal kunne brukast som eit grunnlag for vedtak.

Fylgjande forslag til nye byggeområde blir sila ut, før forslagsstiller gjennomfører ei konsekvensutgreiing:

- Nye bustadfelt, LNFR med spreidd bustadbygging eller byggeområde for tenesteyting som ligg meir enn 1,5 km frå Rogne skule, ØSUS/Helsetunet eller Beitostølen sentrum (krysset Bygdinvegen/Grønosvegen). Områda skal heller ikkje ligge meir enn 100 høgdemeter over eller under dei respektive stadene.
- Nye hytteområde og med mindre desse bidreg til fortetting og god arealutnytting og til framføring av VA-nett til eksisterande hytteområde.
- Byggeområde på godt arrondert dyrka mark eller verdifullt kulturlandskap eller med tilkomst som gir ei vanskeleg arrondering.
- Byggeområde som føreset bygging i terrenge brattare enn 1:4.
- Forslag til næringsareal som ikkje fylgjer ABC-prinsippet.
- Bustadområde og område for tenesteyting i raud støysone.
- Tiltak som er i strid med føresegogene i område verna etter naturmangfaldloven.

Me vil også i planprosessen gå igjennom reguleringsplanane kommunen har og vurdere om det er eldre reguleringsplanar som skal opphevast. Desse må då opphevast med eit eige vedtak i kommunestyret. Kommunen må vurdera følgjande når ein skal oppheve reguleringsplan:

- er dei gjeldande reguleringsplanane ferdig utbygde?
- er det mogleg å vidareføra føresegner i KPA, sjølv om reguleringsplanen blir oppheva?
- er det behov for ekspropriasjon frå reguleringsplanen?
- 10-årsfristen for ekspropriasjon er gått ut?
- 10 år gammal privat initiert detaljregulering i nødvendig grad er oppdatert?

### Risiko og sårbarheits-analyse

I tillegg skal det etter plan- og bygningsloven sin §4-3 gjerast ei risiko- og sårbarheits analyse (ROS). Dette skal gjennomførast ved alle arealplanar og vil utgjere ein del av avgjerslegrunnlaget for kom-muneplanen.